
Saksnr: 2019/11-115
Saksbehandlar: Petter Lem Gullestad
Dato: 27.09.2021

Til: Fylkestinget og valnemnda

Frå: Fylkeskommunedirektøren

Tillegg til sak - Søknad om fritak for verv - Alfred Bjørlo (sak PS 17/21 i valnemnda/sak 97/21 i fylkestinget)

Fylkeskommunedirektøren har etter at innkalling med saksdokument vart sendt ut, gjort nærare utgreiingar kring val til ledige verv i samband med Alfred Bjørlo sin fritakssøknad.

Forslag til vedtakspunkt 3 lyder:

Som ny medlem til fylkesutvalet, fylkesvalstyret og finansutvalet vert vald: Agnes Hoshovde Bernes

Fylkeskommunedirektøren sine kommentarar

Av kommunelova § 5-6 (2) følger:

«Medlemmer og varamedlemmer til formannskapet og fylkesutvalget velges for fire år av og blant medlemmene av kommunestyret eller fylkestinget.»

Av kommunelova § 7-10 (4) følger:

«Hvis et medlem eller varamedlem av et annet folkevalgt organ enn kommunestyre, fylkesting, kommunestyrekomité eller fylkestingskomité trer endelig ut, skal det velges et nytt medlem eller varamedlem. **Det nye medlemmet skal velges fra den samme gruppen som det uttreddende medlemmet tilhørte. Hvis dette vil føre til at ett kjønn vil bli representert med mindre enn 40 prosent av medlemmene i organet,** skal det, hvis det er mulig, velges et nytt medlem fra det underrepresenterte kjønnnet.»

Spørsmålet er om setjemedlem tel som medlem i høve krav om kjønnsbalanse. Administrasjonen har vore i munnleg dialog med Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Departementet har gjeve ei førebels vurdering av at setjemedlem skal teljast som medlem. Fylkeskommunedirektøren legg denne vurderinga til grunn. Dersom fylkestinget vel Nina Bognøy (A) som ny setjemedlem (sjå eiga sak), inneber dette at krav til kjønnsbalanse i fylkesutvalet er oppfylt (7 kvinner, 10 menn). Dette har den implikasjon at ny medlem (etter Bjørlo sin uttredd) kan vere anten mann eller kvinne.

Forslag til vedtakspunkt 4 lyder:

Som ny varamedlem til fylkesutvalet, fylkesvalstyret og finansutvalet vert vald:

Av saksframlegget går mellom anna fram:

«Det er her tale om eit suppleringsval etter kommunelova § 7-10 (6), **der ny varamedlem skal inn nedst på lista** over varamedlemer.»

Fylkeskommunedirektøren sine kommentarar

Fylkeskommunedirektøren ser det naudsynt å korrigere dette. Då Alfred Bjørlo vart vald som ny medlem (i samband med Gunhild Berge Stang sitt fritak), vart plass som første varamedlem ledig. Det korrekte er at det skal gjerast nyval etter § 7-10 (4), der ny varamedlem skal plasserast som **første varamedlem**.

Fylkeskommunedirektøren sine kommentarar vedkomande kva gruppe ny medlem (vedtakspunkt 3) og ny varamedlem (vedtakspunkt 4) skal veljast frå

Både ny medlem og ny varamedlem **skal velges fra den samme gruppen som det uttredende medlemmet tilhørte, jf. kommunelova § 7-10 (4). Gruppen foreslår sjølv kven som skal veljast, jf. kommunelova § 7-10 (7).**

I fylkesutvalet har Venstre ein medlem, medan varamedlemslista til denne medlemen består av varamedlem frå Venstre, SP og MDG. MDG har òg ein medlem med berre varamedlem frå MDG. SP har to medlemmer med berre varamedlem frå SP. SP har i tillegg ein varamedlem på lista over varamedlem til KrF sin medlem. Spørsmålet her blir kva parti som utgjer *gruppa* (kven som har inngått eit valteknisk samarbeid) som ny medlem og varamedlem skal veljast frå. Det kan stillast spørsmål ved om ei gruppe (til dømes MDG som har eigen medlem og varamedlem) òg kan vere representert inn i ei anna gruppe. Fylkeskommunedirektøren har fram til no lagt til grunn at Venstre sin medlem og varamedlem til denne i fylkesutvalet er å sjå som to forskjellige grupper. Dette då fylkeskommunedirektøren har lagt til grunn ei politisk avtale om kva for parti som er medlem i fylkesutvalet.

Fylkeskommunedirektøren vil fram mot fylkestinget i desember sjå nærare på nemnde problemstilling.

Tilleggsval: Nytt varamedlem i valnemnda frå Venstre

Fylkeskommunedirektøren vil gjere merksam på at Venstre si liste over varamedlemer i valnemnda ikkje er komplett, og at det er høve til å komplettere denne.

Geir Kjell Andersland vart vald som ny varamedlem i samband med Berge Stang sitt fritak (sak i fylkestinget i juni). Dette innebar at Andersland rykka opp frå andre varamedlem til første varamedlem (Berge Stang sin plass). Dette inneber at plass som andre varamedlem for Venstre er ledig. Agnes Hoshovde Bernes er per no tredje varamedlem på lista. Det er ingenting i vegen for å velje Hoshovde Bernes som andre varamedlem. I så tilfelle må det gjerast val av ny tredje varamedlem.

Dersom Andersland eller Hoshovde Bernes vert vald som ny medlem no (vedtakspunkt 5), vil Venstre ha to ledige plassar som varamedlem.

I og med Berge Stang sitt fritak vart andel kvinner blant varamedlemene i organet under 40%. Ved val av nye varamedlem til valnemnda, må krav om kjønnsbalanse i kommunelova takast omsyn til.